



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 1/18
Møtedato: 20.2.2018
Tid: Kl. 13.00 – kl. 15.30
Møtestad: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr: 01/18 – 08/18
Møteleiar: Stig Holmstrøm, leiar (Ap)
Møtande medlemmer: Gro Ødegård, nestleiar (H)
Dagfinn Wiik (Pp)
Frank Ove Belsvik (Frp)
Birgit Torkildson Grotle (Ap)
Forfall: Ingen
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Ingen
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Anne Oterhals, oppdragsansvarleg revisor (under sak 03/18 og 04/18)
Hilde Myrvang, rekneskapsrevisor (under sak 04/18)
Av øvrige møtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (under sak 01/18-04/18 og 08/18)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling. Det vart under vegs i møte fremja forslag om at sak 08/18 vart handsama etter sak 04/18. Innkalling og sakliste vart godkjent med denne endringa.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22. NOVEMBER 2017
PS 02/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/18	VESTNES KOMMUNE. RAPPORT FRÅ BHANDLING AV VARSLINGSSAK
PS 04/18	INTERIMRAPPORT EKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2017
PS 05/18	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2017
PS 06/18	MØTEPLAN FOR 2018
PS 07/18	OPPFØLGINGSLISTE
PS 08/18	EVENTUELT

PS 01/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22. NOVEMBER 2017
-----------------	------------------------------------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 22. november 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Dagfinn Wiik
2. Stig Holmstrøm

Kontrollutvalet si handsaming

Dagfin Wiik og Stig Holmstrøm vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 02/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 01/18 **Eierskapskontroll – ÅRIM** – Rapport datert 28.11.2017 Komrev3 IKA - Forord og samandrag frå rapporten ligg som referatsak, medan medlemmen har fått heile rapporten som eige elektronisk vedlegg.
Utvalet har i rapporten merka seg at det er ein kompetansediskusjon mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Det er også ein diskusjon om kven som skal handtere næringsavfallet i Ålesund kommune.
Sekretær blir til neste møte bedt om å undersøke om kontrollutvalet i Ålesund kommune har handsama rapporten, og kva vedtak som i tilfelle er gjort.
Utvalet vil også få framlagt forvaltningsrevisjonsrapporten, når den ligg føre.
- RS 02/18 **ÅRIM – Informasjonsmøte 11.12.2017** – Presentasjonar.
Utvalsmedlem Dagfinn Wiik opplyste at han hadde vore tilstades på informasjonsmøtet. Han stille spørsmål om informasjonen om stemmegjeving har vore god nok når representantskapet handsama strategidokumentet til ÅRIM. Fleire hadde på informasjonsmøte gitt uttrykk for at dei hadde oppfatta at dei måtte gje godkjenning til heile strategien, eller ikkje. Dei hadde ikkje oppfatta at dei kunne seie nei til enkelte punkt i strategien. Det betyr at enkelte av kommunane sine medlemmer i representantskapet ikkje har stemt i samsvar med dei vedtak som kommunestyret har gjort i strategisaka.

Når det gjeld presentasjonar og anna informasjon frå ÅRIM, så kan dette vere svært omfattande. Sekretær vert oppmoda om at dette vert tatt med i møte som utrykte vedlegg. Det kan også vere ei løysing å legge ein link i saksframlegget til ÅRIM si heimeside, dersom dokumenta ligg der.
- RS 03/18 **Ambisiøst avfallsregelverk møt 2030 og 2035** – e-post frå ÅRIM datert 19.12.17 .
- RS 04/18 **Protokoll frå møte i styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**
13.12.2017.
- RS 05/18 **e-INFO 18/1 – Redegjøreelse for likestilling mv. i årsberetningen**, informasjon frå Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) datert 8.1.2018 .
- RS 06/18 **Årshjul Vestnes kommune 2018**, pr. januar 2018 .

Orienteringssaker:

OS 01/18 **Status for oppdragsavtalen med Møre og Romsdal Revisjon IKS,**
Sekretær orienterer om status etter høringsrunden til rådmennene

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding.

PS 03/18	VESTNES KOMMUNE. RAPPORT FRÅ BEHANDLING AV VARSLINGSSAK
-----------------	----------------------------------------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet bestiller ein avtalt kontrollhandling frå Møre og Romsdal Revisjon IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker frå 2016, 2017 og 2018, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd habilitetsreglane i forvaltningslova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet.

Utvalsleiar, i samråd med sekretær, får fullmakt til å gjere ei konkret bestilling etter dialog med revisjonen om kva som vil vere eit føremålstenleg utval saker.

Utvalet ønskjer også informasjon/rutinebeskriving frå Fylkesmannen vedkommande varslingar.

Kontrollutvalet si handsaming

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes utdjupa rapporten med dømer på situasjonar der ein har måtta gjere vurderingar av habilitet. Administrasjonssjefen svara også på spørsmål frå utvalet.

Utvalsmedlem Dagfinn Wiik reagerer på oppslag i media i samband med varslinga, der det kjem fram at fylkesmannen sjeldan går vidare med anonyme varsel. Han er uroa for om det kan vere andre anonyme varsel som ikkje vert følgt opp.

Det vart frå utvalsleiar Stig Holmstrøm satt fram forslag om å føye på følgjande setning til kontrollutvalet sitt vedtak:

Utvalet ønskjer også informasjon/rutinebeskriving frå Fylkesmannen vedkommande anonyme varslingar.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet bestiller ein avtalt kontrollhandling frå Møre og Romsdal Revisjon IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker frå 2016, 2017 og 2018, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd habilitetsreglane i forvaltningslova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet.

Utvalsleiar, i samråd med sekretær, får fullmakt til å gjere ei konkret bestilling etter dialog med revisjonen om kva som vil vere eit føremålstenleg utval saker.

PS 04/18	INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2017
-----------------	---------------------------------------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå interimrevisjonen til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarlig revisor, Anne Oterhals, presenterte interimrapport frå rekneskapsrevisjonen 2017. Det vart presentert oversikt over kva som er utført av arbeid, revisjonstilnærming og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2016 og risikopunkt i plan for 2017.

Rekneskapsrevisor, Hilde Myrvang og oppdragsansvarlig revisor, Anne Oterhals, svarte på spørsmål frå utvalsmedlemma undervegs i presentasjonen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 05/18	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2017
-----------------	---------------------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet vedtek årsmelding for 2017. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ingen merknader til årsmeldinga i møte, anna enn nokre skrivefeil som vil bli retta opp.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 06/18	MØTEPLAN FOR 2018
-----------------	--------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande møteplan for 2018 vert godkjend:

Uke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
8	20.02.	1/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Interimsrevisjon rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2017▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2017▪ Møteplan for 2018
15	11.04	2/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Verksemdsbesøk / alt. orientering frå einingsleiar?
19	09.05.	3/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport 1. kvartal 2018▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2017 for Vestnes kommune
39	24.09.	4/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport for 2. kvartal 2018▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2018▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2019▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt xx
48	26.11.	5/18	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport for 3. kvartal 2018▪ Prosjektplan Forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet sin leiar i samråd med sekretariatet vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet hadde ingen merknader til møteplanen. Tiltaksplan for 2018 vert oppdatert i samsvar med denne.

På møteplanen for møte 11.04.18, står foreslått verksemdsbesøk. Utvalsmedlemma diskuterte kva som kunne vere eit aktuell verksemd for eit slikt verksemdsbesøk/eller orientering frå ei eining.

Konklusjon:

Utvalet ønskjer i samband med kontrollutvalet sitt møte 11.04.18 eit verksemdsbesøk ved Tomrefjord skule.

Stikkord for kva utvalet ønskjer orientering om:

- Elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø, med særleg fokus på kva skolen gjer i kvardagen for å hindre at elevar vert mobba, kva som vert gjort for å avdekke mobbing og kva tiltak som vert set i verk dersom elevar vert mobba.
- Korleis arbeider skolen med klasseleiing?
- Skolen sitt internkontrollsystem, med fokus på elevane sitt utbytte av opplæringa.

Det er ønskeleg at også FAU og elevrådet vert invitert til å delta på verksemdsbesøket.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 07/18	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten er venta våren 2017.

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennomførte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Avvika er lukka i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn i 2018.

Innkjøp og offentlege anskaffingar

Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtarar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.

20.02.18: Kontrollutvalet ønskjer i møte 11.04.18 ei orientering om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»

Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «**Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester**». Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta hausten 2018 eller våren 2019.

Varslings sak (ny sak)

Ein person som underskriv som «Anonym ansatt i Vestnes kommune» har varsla fylkesmannen. Varselet vart 20.12.2017 sendt Vestnes kommune frå fylkesmannen. I varselet vert det namngjeve fleire personar som arbeider med plan og byggesaker i kommunen, og varslaren rår til at alle sakene som gjeld denne gruppa blir gjennomgått. Administrasjonssjefen har handsama varselet og oversendt rapport til kontrollutvalet. Rapporten vart handsama i kontrollutvalet 20.02.18, sak 03/18.

20.02.18: Kontrollutvalet bestiller ein avtalt kontrollhandling frå MRR IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd med reglane lova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet.

Kontrollutvalet si handsaming

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

I dette møtet var det ikkje lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til saker på oppfølgingslista.

Utover dei sakene som framkom i saksframlegget, så vart det fremja forslag om å føre opp ei ny sak på oppfølgingslista:

- **Varslings sak**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 08/18	EVENTUELT
-----------------	------------------

Planutvalet – PS 5/2018 Gnr. 56 bnr. 116 – Urimelig gebyr komposthall-Vestnes Renovasjon AS

Utvalet har blitt kontakta av ein innbyggjar som spør om det har blitt gjort ein gjennomgang av andre utbyggingssaker kor utbyggarar kanskje har betalt dette gebyrert som det er fatta vedtak om er urimeleg, eller om det vert gjort ein gjennomgang framover.

Det vert stilt spørsmål om dette er handtert slik at ein reduserer høve til mistenkeleggjering av forvaltninga i tilstrekkeleg grad.

Kontrollutvalet si behandling

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes orientert innleiingsvis om rutinar for handtering av slike saker.

Administrasjonssjefen er i gebyrregulativet delegert mynde til å fatte avgjerder om eit gebyr er urimeleg eller ikkje. Gebyret skal berre dekke dei utgiftene som kommunen har til å behandle ei byggesak. Vedtak om fastsetjing av gebyr er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Gebyret vert fastsett ut frå bestemte faktorar, m.a. så er arealet ein faktor. I dette tilfellet var det eit svært enkelt bygg som skulle setjast opp, og gebyret som vart berekna vart mykje større enn dei utgiftene som kommunen hadde til å byggesaksbehandle bygget.

Sidan dette var eit vedtak som administrasjonssjefen rekna med ville ha offentleg interesse, så valde administrasjonssjefen å legge fram saka til politisk handsaming. Dette til tross for at administrasjonssjefen hadde delegert administrativ mynde til å fatte vedtak i saka.

Organet (Planutvalet), skal sjølv vurdere sin eigen habilitet, slik det her er gjort. 3 medlemmer stilte spørsmål til sin eigen habilitet, og det vart votert over dette. Desse vart samrøystes funne å vere habile til å handame saka.

Kontrollutvalet drøfta om dette var ei sak som kontrollutvalet ynskjer å følgje opp nærare.

Konklusjon

Kontrollutvalet finn ikkje grunnlag for å følgje opp denne saka vidare.

Referat fra NKRF sin kontrollutvalgskonferanse

Deltakarane gir utvalet referat frå konferansen.

Stig Holmstrøm
leiar

Gro Ødegård
nestleiar

Dagfinn Wiik
medlem

Frank Ove Belsvik
medlem

Birgit Torkildson Grotle
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær